

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Boge, Jan Erik	<b>Arkivkode:</b> FE - 630
<b>Arkivsaksnr:</b> 15/356	<b>Løpenr:</b> 18/3035
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Formannskapet	12.04.2018	011/2018
Kommunestyret	26.04.2018	011/2018

**Streaming av formannskapet sine møte****26.04.2018 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Rådgevar Jan Erik Boge orienterte innleiingsvis om at møta i formannskapet vil kunne streamast utan at det må brukast talarstol i møta.

Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Formannskapsmøta i Samnanger vert «streama» i ein prøveperiode ut 2018.*

Det vart røysta over framlegget, som vart vedteke med 15 mot 6 røyster.

<b>For Øyvind Røen sitt framlegg</b>	<b>Imot Øyvind Røen sitt framlegg</b>
Øyvind Røen (Sp)	Odd Arne Haga (Frp)
Monica Tjønnå (Sp)	Gunnar Bruvik (Frp)
Knut Harald Frøland (Bl)	Svein Verner Røseth (Frp)
Lena Tveit (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Bjarte Linga (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Jon Magne Bogevik (Uavh.)
Solveig Vassenden (Bl)	
Gunn Østvik Petersen (A)	
Olaug Øystese (A)	
Vidar Tveiterås (A)	
Harald Boge (A)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Anja Marken (Mdg)	

**KS- 011/2018 Vedtak:**

Formannskapsmøta i Samnanger vert «streama» i ein prøveperiode ut 2018.

**12.04.2018 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Øyvind Strømmen (Mdg), Knut Harald Frøland (Bl) og Øyvind Røen (Sp) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol. "*

Inge Aasgaard sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Møta i formannskapet vert ikkje streama."*

Det vart røysta over dei to framlegga. Framlegget til Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen fekk 6 røyster og vart vedteke. Inge Aasgaard sitt framlegg fekk 3 røyster.

For Øyvind Strømmen, Knut Harald Frøland og Øyvind Røen sitt framlegg	For Inge Aasgaard sitt framlegg
Øyvind Strømmen (Mdg)	Inge Aasgaard (Krf)
Knut Harald Frøland (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Olaug Øystese (A)
Odd Arne Haga (Frp)	
Lena Tveit (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	

**FORM- 011/2018 Vedtak:**

Saka vert oversendt til kommunestyret utan tilråding. Før kommunestyret si handsaming må administrasjonen sjå på om det vil vera mogleg å streama formannskapsmøta utan at møta må gjennomførast med bruk av talarstol.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

**Kva saka gjeld:**

Kommunestyremøta i Samnanger har vorte streama direkte på internett sidan hausten 2015. Opptak frå kvart møte er tilgjengeleg på internett i eitt år. Det er vedteke at denne ordninga skal halda fram i heile kommunestyreperioden 2015 – 2019.

Ordføraren har bedt administrasjonen om å utgreia ei ordning der òg formannskapet sine møte blir streama og lagra på internett. Slik administrasjonen forstår det, ønskjer ordføraren primært å innføra ei slik ordning for å gjera formannskapsmøta lettare tilgjengelege for publikum, samt for å at det skal

vera mest mogleg «open politisk handsaming» i kommunen.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Sjølv om det har vore problem med streaminga på dei to siste kommunestyremøta, reknar administrasjonen med at det «teknisk sett» vil gå bra å utvida ordninga med streaming til òg å gjelda formannskapsmøta. Det vil gå med noko arbeidstid til testing av streamingløysinga før kvart møte, samt til etterarbeid etter kvart møte. Utanom dette vil det ikkje vera behov for «ekstraressursar» eller økonomiske investeringar.

Ordning med streaming av formannskapsmøta vil krevja at møta blir gjennomført meir på same måte som kommunestyremøta, d.v.s. med bruk av talarstol/tilsvarande. Det vil vera mogleg å streama møte både på kommunehuset (i formannskapssalen) og på biblioteket på Bjørkheim.

Det kan kanskje òg vera aktuelt å streama naturutvalet sine møte. I så fall vil det kunne vera behov for å ha ein ekstra person frå administrasjonen til stades på naturutvalsmøta (i forhold til i dag). I tillegg vil det vera behov for å gjennomføra testing av streamingløysinga før kvart møte i naturutvalet, samt noko etterarbeid etter møte. Ut over dette vil det heller ikkje her vera behov for ekstraressursar/økonomiske investeringar.

Politisk nivå i kommunen må ta avgjerd i denne saka. Administrasjonen ser det som naturleg at det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka.